

# **Forslag til program Austevoll Venstre 2023 til 2027**

Austevoll Venstre vil arbeide for at Vestland Fylkeskommune ser litt meir utover byfjella og kor bybanetraséen skal gå, og gjere Vestland til den regionen den er meint å være. Det er store utfordringar med mellom anna samferdsle og veg i dette flotte fylket, og vi ser med uro over dei kreftene som er i Sunnhordlandsregionen som ser mot Rogaland for å bli høyrt. Vi har heller ikkje merkt oss nokre motstemmer til grunnrenteskatten i Vestland Fylkeskommune sjølv om hovudkontora til nokre av verdas største sjømatselskap ligg her i fylket, ei næring som ein i fylgje fylket sjølv vil satse stort på.

## **Miljø**

Venstre vil at det skal oppretta fleire verneområde for hummar i Austevoll kommune.

Det er viktig at ein unngår bygging i myrområde.

Ein legg til rette for meir fortetting av områder som allereie er utbygde.

Legge til rette for meir oppdrett av tang og tare.

Stille krav om alle nye kommunale bygg skal ha energisparande tiltak, og meir sjølvforsyning av straum.

## **Næring og skatt**

Venstre vil ha lågare selskapsskatt i Austevoll Kommune.

Legge til rett for næringspark i kommunen.

Havbruk er ein av dei viktigaste næringane i kommunen. Me vil ha ein politikk som gjer det attraktiv å halda aktiviteten i fjord og havområde langs kysten. Men det er også viktig at ein ikke legger for mykje press på areal langs strandlinja vår.

## **Samferdsel**

Det er viktig at ein jobbar vidare med Austevolls pakka. Utbetringar av vegen må skje på ein slik måte at det blir tatt omsyn til landbruk, natur og hustandar som ligg nære vegen.

Venstre vil vera ein sterk pådrivar for betre ferjeforbindelse til og ifrå kommunen. Her må vi få på plass ei nattferje. Dette er eit langt viktigare arbeid enn å prøva å få Austevoll landfast.

Med gratis ferjesamband til og frå Austevoll vil det bli spanande å sjå kva som skjer med kviletida til utanlandske yrkessjåførar som skal frå nord til sør.

Arbeidet med å få lågare pris på hurtigbåtar må oppretthaldast.

Det må leggast til rette for at brukarar blir høyrt når nye rutetilbod på buss skal utarbeidast.

## **Arbeidsliv**

Venstre vil at Austevoll Kommune skal bli betre til å tilrettelegge for unge som slit med å komma inn i arbeidslivet. Ein må bruka fleire resursar på dette arbeidet. Ein må og legga tiltrette for å finne fram til modellar som er tilpassa kvar enkelt ungdom i sin situasjon.

## **Skule.**

Etter mange år med strukturendringar i Austevollsskulen, vil Venstre jobba for kvaliteten i skulen. Og barneskulen på Storebø må byggast ut på ein slik måte, at den har god kapasitet i åra som kjem. Viss dette ikkje det skjer, må det byggast ein ny barneskule nord i kommunen.

Austevoll Venstre vil jobba for gode læremidlar i Austevolls skulen. Me vil og jobba for at Austevoll Vgs skal behalda dei linjene dei har.

Sjå på moglegitetene for betre samarbeid mellom skulane og næringslivet i kommunen med styrking av lærlingordninga og ved t.d. at bedrifter kan ha framvisingar på skulane.

Fokuset på nettvett må aukast i skulen og dette må inn i undervisinga allereie ifrå første klasse.

Skulen skal vera ein plass der alle elevar for ut sitt fulle potensiale. Difor vil Venstre at det blir meir praktisk undervising i skulen. I ungdomskulen vil me ha eit program der dei mest skuleleie elvane kan få praktisk undervising i bedrift. Det må leggast til rette for meir valfag i skulen

## **Beredskap**

Austevoll Venstre meiar at ein må ha god gjennomgang av beredskapsplanane i kommunen. Ein vil få ekstrem vær som Nina og kommunen må vera klar til å takla ein slik situasjon. Særleg med tanke på at institusjonar har straumforsyning, eller nokon skulle trenge akutt medisinsk hjelp der det er behov for sjukehusinnlegging.

## Kultur og idrett

Det er viktig for Venstre at det kjem på plass ein ny innandørshall for fotball på Eidsbøen. Dette bygget bør og bli konstruert slik at det kan bli lagt til rette for ei e-sport satsing i AIK.

Det er viktig for oss at kulturskulen har gode vilkår og at alle har anledning til å delta.

## Helse og Omsorg

Venstre vil vera lyttande overfor dei tilsette å bruke deira erfaring til å laga eit best mogleg helsetilbod i kommunen. Her er det viktig å jobbe for styrke tilbodet til dei avdelingane som slit mest.

*Me vil styrke det psykiatriske tilbodet i Austevoll, då dette kan vere til hjelp for menneske med ei startande psykisk lidning. Og me meinar dette vil kunne avlaste dyrare nasjonale spesialist tilbod.*

Venstre vil sette dei svakaste først. Derfor vil me vera ein garantist, for at det ikkje blir kutta i barnevernstenesta i kommunen.

Kommunen må vere ein leiande arbeidsgivar. Og ved sjukemeldingar må kommunen ha gode tilbod til sjukemelde, slik at denne person kjem raskt tilbake i arbeid. Ein må vera klar over at det er yrker i kommunen der arbeidsbelastinga er høg. Eit eksempel på dette er innafor helse og omsorgssektoren.

Me vil også at kommunen ser på andre turnusordningar, og prøver ut nye modellar som kan passe vore tilsette i helse og omsorgssektoren.